



Uvyrslåmi i Raulandsfjell

PROSJEKTPRESENTASJON

SAMANDRAG

Raulandsfjell står no ved eit avgjerande vegskilje. Etter fleire år med stengd alpinanlegg tek Uvyrslåmi Snøbrettlag initiativet til å gjenopne og vidareutvikle området til eit inkluderande og berekraftig fleirbruksanlegg. Målet er å skape ein trygg og attraktiv møteplass for barn, unge og familiar – og samstundes styrkje Vinje som reisemål og buplass.

Gjennom tekniske inspeksjonar og grundig kartlegging er det avklart at anlegget ikkje kan gjenopnast utan betydelege tiltak. Samstundes er potensialet stort.

To hovudalternativ er utgreidde:

Alternativ I (oppgradering av eksisterande heisar) og **Y-alternativet** (to rette heisar i ny konfigurasjon). Begge alternativa med nytt ljosanlegg til topps.

Alternativ I er rimelegare på kort sikt, men har høgare driftsrisiko og større vedlikehaldskostnader. Y-alternativet er meir robust, framtidsretta og har større nyheitsverdi. Det gir potensial for trinnvis utvikling, betre kveldstilbod og mogleg etablering av sykkelstiar. Det er vurdert som det mest berekraftige alternativet.

Risikoen i svake vintrar blir redusert gjennom ein medlemskapsmodell, kveldsdrift og heilårsaktivitetar. Restauranten og fellesareala fungerer som det sosiale hjartet i anlegget og styrkjer både økonomi og lokal identitet.

Prosjektet støttar Vinje kommune sine mål om folkehelse, rekruttering, lokal verdiskaping og attraktive buområde. For å realisere planane trengs kommunal medverknad i form av støtte til detaljprosjektering, intensjonsavtale om vidare drift, avklaringar rundt festeavtar og garanti for rivingskostnader dersom prosjektet ikkje skulle lykkast.

Med rett satsing kan Raulandsfjell igjen bli ein livskraftig møteplass som styrkjer bygda, skaper aktivitet heile året og vidarefører ein viktig kulturarv for kommande generasjonar.

Me ynskjer å lansere ein ide om å skape eit aktivitetssentrum som vil komma langt fleire brukarar, og aktivitetsgrupper til gode.

Sidan ein no planlegg å bygge ny innandørs skjotebane på Rauland, og ein manglar tomt til skateklubben sin nye park, bør ein sjå inn på moglegheitene ved å slå desse anlegga saman. Samlokasjon gjev høgare finansieringsgrad, og betre tilbod. Her har ein moglegheit til å samle skyttarlag, pistolklubb, Jeger og fisk, skiskyttarar, skateklubb, sykkelaktivitetar, alpint, snøbrett, randonee og langrenn i hop med skuterutleige og hundekøyring. Saman med ein utstyrsbank gjennom frivilligsentralen kan ein skape eit heilårleg, inkluderande anlegg der skiheisane blir den kommersielle motoren som skaper berekraft.

Innhold

SAMANDRAG	1
INNLEIING	4
HISTORIEN	5
MOGLEGHEITER	7
MARKNAD	12
DAGENS ANLEGG	15
KOMMUNALE MÅL	17
DRIFTSMODELL	19
ØKONOMI/ FINANSIERING	23
DRIFTSBUDSJETT	25
ORGANISASJONSFORM	27
OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	28
VEDLEGG	28



«Det er bare lengst mot nord at bygdene skrumper sammen til dalstriper med virkelige fjellvidder, som i Rauland og Tinn. Det er kjent og naturlig at skiene er brukt langt tilbake i tiden der, og det var herfra de kom de første storløpere.»

Norske skiløpere. Utg. Skiforlaget - Erling Ranheim. Oslo. 1957.

INNLEIING

I samband med den nye reiselivsstrategien som vart vedteken hausten 2024, vart det fremja forslag om å setje ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ein plan med løysingar og økonomi for gjenopning av Raulandsfjell Alpinsenter.

Arbeidsgruppa vart etablert kort tid etter kommunestyremøtet, og har sidan hatt jamlege møte gjennom det siste året. I april fekk me tildelt midlar gjennom Uvyrslåmi Snobrettlag for å gjennomføre undersøkingar av heisane og andre tiltak for å få eit realistisk kostnadsbilete for ein mogleg oppstart.

Medlemmar i arbeidsgruppa:

- Dag Hågensen (Sameiget Raulandsfjell)
- Tommy Andersen (Dyre Vaa IL)
- Bjørnar Neset (grunneigar)
- Erik Nystog (næringsdrivande)
- Jarand Rorgemoen (Uvyrslåmi Snobrettlag)
- Tor Olav Nystog (Norsk Folkehjelp Rauland Skredgruppe)
- Tor Arne Johansen (tidlegare eigar)
- Olav Bleivik (entusiast)

I tillegg har me hatt god dialog og støtte frå Rune Århus, Harald Rishovd, Christian Kongsheim, Ivar Magnesen, Allstad Eigedom og Vinje kommune v/Knut Martin Edland.

Gjennom arbeidet har me tileigna oss mykje kunnskap om drift av skiheisar og fått ei djupare forståing for utfordringane som ligg føre. Det finst inga «quick fix» for å få anlegget i drift att, men med dei rette føresetnadene har me tru på at Raulandsfjell kan bli ei kjelde til glede for nye generasjonar.

Det står samstundes klart at det ikkje er tilstrekkeleg å berre gjenopne anlegget slik det var og håpe at drifta blir betre denne gongen. Ein må ta fleire grep som samlar fleire brukarar og aktivitetar gjennom ulike sesongar, og ein må sikre driftsinntekter også i år med lite sno.

Vårt initiativ er truleg den siste reelle moglegheita for å vidareføre drift i anlegget. Dersom me ikkje lukkast, vil heisane måtte rivast i løpet av 2026, og sno- og ljosanlegget må fjernast for å restaurere området.

§ 27. Fjerning av taubane

Taubaner som ikke lenger er i drift, skal fjernes.

Taubanevirksomheten som har eller hadde den siste driftstillatelsen for taubanen, er sammen med eieren solidarisk ansvarlig for fjerningen.

Departementet kan fjerne taubanen for taubanevirksomhetens eller eierens regning og risiko hvis den ikke er fjernet innen en fastsatt frist. Utgiftene til fjerning er tvangsgrunnlag for utlegg.

Figur 1: Frå Taubaneloven §27.

HISTORIEN

Ski har alltid vore ein livsviktig del av kvardagen i Vinje og ein føresetnad for å leva vinterstid. Dei har vore nytta til jakt, fangst og transport i uminnelege tider.

Legender som forteljinga om Dyre Vaa, som sette utfor Storeslett i Vaa på 1600-talet så «mjellsnoen gauv», har inspirert generasjonar av unge skiløparar i Vest-Telemark til å driste seg ut i stadig brattare lende. Sjølv i dag er det få som dristar seg ut der.

Etter unionsoppløysinga på 1800-talet fekk ski ein sentral plass i nasjonsbygginga. Centralforeningen for Legemsøvelser og Vaabenbrug (1861) fremja skiidrett, skjoting og gymnastikk som viktige satsingsområde for å styrkje folkehelsa og fedrelandsforsvaret.

Gjennom 1800-talet vart leikvollane i aukande grad bygdenes arena for kappestrid. Kniven vart bytt ut med stev, styrkeprøver og dans i tevlingsform. Skiløyping vart ein måte å vise seg fram, og frå desse miljøa i Vest-Telemark sprang skisporten ut – driven av innovasjon og aktivitetsglede.

Skileik er ein del av vår immaterielle kulturarv, historie og identitet i Vest-Telemark.



Figur 2: Sveinung Svalastoga, "himmelstormeren" frå Rauland i Husebybakken 1881.



RAULAND ALPINSENTER PÅ TOPP *i Telemark*

Laurdag 14/12 kl. 12.00 er me i gang!!

Snoen har kome, og bakkane i eit av Noregs flottaste alpinanlegg opnar.

Unn deg og familien din ein prøvetur i topp preparerte løyper med lengde opp til 1,6 km.

Eiga barneløype - Varmestoge - Kafeteria - Skiutleige

Rauland Alpinsenter

Rauland Alpinsenter opna i 1986, initiert av Dyre Vaa IL for å skape eit av Noregs fremste utforanlegg. Det starta som eit dugnadsprosjekt med støtte frå STUI-midlar. Berre første byggetrinn vart realisert, men anlegget vart kjent som eitt av dei brattaste på Austlandet. Den særeigne vinkelheisen vart lagd slik for å møte krav til stigning.

Anlegget har hatt ulike eigarar gjennom åras løp og gjekk konkurransar i 2022.

Uvyrslåmi Snobrettlag

Uvyrslåmi Snobrettlag er Noregs første snobrettklubb, stifta i 1987. Namnet kjem frå dei gamle skiløypene i Vest-Telemark, der ein skilte mellom *slalåm* (slak bakke), og *uvyrslåm* som er ei krevjande løype med fleire hinder.

Allereie det første året hadde klubben over 100 medlemmar i Vest-Telemark. Det vart arrangert fleire Norgescuprenn, NM og Nordisk meisterskap i 1992.



Meistrar: Frå v: Einar og Åshild Lofthus, Terje Håkonsen og minstemann, Thomas Harstad, alle frå Uvyrslåmi Snobrettlag. Foto: Privat

MOGLEGHEITER

For å styrkje drifta og skape eit attraktivt anlegg, bør ein utvikle:

- Fleirbruksanlegg – som gir rom for aktivitet året rundt.
- Fullverdig kveldskøyring – med ljøs heilt til toppen av bakken.
- Uvyrslåmi-konsept i Raulandsfjell – eit unikt terrengtilbod for ski- og brettentusiastar.
- Sykkelaktivitet – for å utnytte anlegget også utanom vintersesongen.
- Skiband for dei yngste – eit trygt og enkelt tilbod for nybyrjarar.

Aktivitetspark

Gjennom prosessen har me henta inspirasjon frå Torsbustaden i Levanger – eit idrettslagsdriven anlegg som har investert 25 millionar og revitalisert området med snøproduksjon og fleirbruksfunksjonar. Det mest imponerende er korleis dei har samla alpinanlegg, hoppbakke, skistadion med lysløype og skiskyting rundt same klubbhuset, og i tillegg inkludert skytebane, motocross og modellbilbane. Resultatet er eit levande anlegg med aktivitetar året rundt og sterke synergjar.

Noko liknande går an å skape i Rauland. Vinje kommune planlegg no innandørs skytebane på Rauland, og skateklubben har fått ein million

frå Sparebankstiftelsen til park – men manglar tomt.

Her bør ein vurdere å bygge dette på same grunnmur som ny garasje for tråkkemaskin og ski/ utstyrsservice.

Den gamle varmestoga kan nyttast til fellesareal og garderober, med felles eksisterande toalett. Restaurant sikrar serveringstilbod utan behov for nytt kjøkken. Auka bruk vil styrkje drifta av både kafé og skibuss.

Arealet er ferdig regulert til idrettsformål, og samlokalisering med ulike aktivitetar gjev langt høgare finansieringsgrad gjennom spelemidlar.

Me har tru på at ein kan få god støtte frå sparebankstiftingar og liknande sidan ein får så stort spekter i brukar- og aldersgrupper.



Figur 3: Prinsippsskisse


Fordelar og synergjar:

- Straum, VVS og parkering er allereie etablert.
- Fellesutgifter som oppvarming, brøyting, internett og vaktmeistertjenester kan delast mellom idrettslag, næringar og sameige – ein vinn-vinn-modell.
- Potensielle brukarar: Rauland jeger- og fisk, skyttarlaget, pistolklubben, skiskyttarane, sykkelistar, skateboard/sparkesykkel, alpingruppa, snøbrettklubben, randonee-grupper. Me ynskjer og ein liten skøytebane for dei minste på utsida.
- Anlegget er ein inn-/utfallsport til ski- og skuterløyper og har skuterutleige og hundekøyring rett ved.
- Ridebane, feltrittbane, modellflybane og isfiske ligg ikkje langt ifrå og Raulandsfjell er mykje nytta til paragliding. Dette er også arenaer ein kan knytte inn.
- Utstyrsbank via frivilligsentralen vil senke terskelen for born og unge til å prøve nye aktivitetar.
- Nærleik til den nye skulegarden.

Gjennom å utvikle eit fleirbruksanlegg kan skiheisane fungerer som den kommersielle motoren for ei berekraftig drift. Organiserte treningar kan samlast for høgt aktivitetsnivå. Foreldre kan sosialisere i kaféen, eller stå på ski medan ungane skyt eller sykklar. I ein hektisk kvardag kan ein ta middagen same stad som aktivitetane.

«Kring han ei verd full av nutar, ulende, ufsir og bratte bakkar, emningstre, vevskeiir, hattar og armod, ei vrang og rar ABC og mykje nyttelaus lesing. Men ute lokka bakkane på han og han laut svara. Der reinskreiv han sine første svingar og lærde å setje både ropeteikn, punktum og lange tankestrek — ».

Torjus Loupedalen om Sondre Nordheim i Morgedal – Skisportens Vogge

An aerial night photograph of a ski resort. The mountain slopes are illuminated with a warm, yellowish light, creating a series of glowing paths and terraces. The surrounding area is dark, with some buildings and parking lots visible at the base of the mountain. The sky is a deep blue.

Det vil styrkje tilbodet på kveldstid, betre oppvekstvilkåra for barn og unge, og fremje folkehelsa og den sosiale berekrafta i bygda. Samtidig vil turismen kunne bere ein stor del av driftskostnadene – noko som truleg ikkje er mogleg i same grad dersom anlegga blir etablerte og drivne kvar for seg.

Kveldskøyting.

Kveldskøyting har alltid vore eit populært tilbod i alpinsenteret og har gjennom generasjonar gitt lokale barn og unge stor glede. På mange måtar har dette fungert som eit reint nærmiljøanlegg – ein trygg og sosial arena der ungane kan vere aktive etter skuletid.

Det mest effektive løftet for publikum vil vere å skifte ut dei gamle lampene og utvide lyssettinga heilt til toppen av anlegget. Då får ein eit fullverdig tilbod for kveldskøyting. Moderne lamper brukar betydeleg mindre straum enn dei gamle, så auken i driftskostnader vil ikkje bli særleg stor.

Per i dag er det berre ljøs i den nedre delen av utforløypa. Ved å legge ljøs rundt Skretveitsvingen får ein slakare løyper og eit betre tilbod til fleire ferdighetsgrupper. Dette vil gjere kveldstilbodet meir inkluderande og attraktivt for både nybyrjarar og vidarekomne.

Ved å forskyve opningstidene til ettermiddagar og kveldar på vekedagar, kan langt fleire nytte seg av anlegget og ein får høgare verdi for lønnsutgiftene. For kafé og restaurant er kveldstid den viktigaste perioden for å skape aktivitet og omsetning i vekene.

Naturleg terrengpark og skogskøyering

Raulandsfjell har eit naturleg terreng som eignar seg særst godt for leik, hopp og kreativ køyring. Med enkle grep kan ein etablere permanente hopp med naturlege landingar – ei ekte *Uvyrslåm*! Dette vil vere noko heilt unikt, både i norsk og internasjonal samanheng, og tilbodet vil passe for både nybyrjarar og vidarekomne.

Me ønskjer òg å kultivere og opne opp skogen, på same måte som ein skjøttar beiteområde for sau og geit. Ein open bjørkeskog er attraktiv som beite om sommaren og som arena for skileik om vinteren. Dette arbeidet vil i stor grad byggje på dugnadsinnsats og bli ein årleg tradisjon blant entusiastane.

I tillegg planlegg me å setje opp snøfangarar på dei mest utsette stadene i heis- og løypetraseane, slik at snøen blir styrt dit han gjer mest nytte.


Sykkel

I følgje marknadsundersøkinga me gjennomførte i vår, er sykkel den aktiviteten folk aller mest ønskjer seg på Rauland. Det finst allereie to flotte anlegg i Åmot og Haukeli, og det er stor entusiasme rundt sykling både i Rauland og Øyfjell – trass i at dei ikkje har egne sykkelanlegg i dag.

Me har hatt god dialog med ildsjelene i sykkelgruppa i Vinje IL, og viljen til å få etablert eit sykkeltilbod i alpinsenteret er stor. Tanken er å starte med eit mindre tilbod i Veslegut, før ein gradvis utviklar

flytstiar i Storegut-området. Dette gir høve til å teste konseptet samtidig som ein byggjer ein trygg læringsarena for både sykling og heiskøyering med sykkel.

Med ljosanlegget på plass kan ein dessutan arrangere aktivitetsskveldar utover hausten. Det kan vere ope på klubbkveldar, eller ein kan til dømes halde ljuset på i Veslegut slik at dei kan sykle utan heis også.



Figur 4: Frå marknadsundersøkinga me gjorde i vår.


Samarbeid

Lokalt næringsliv i grenda er utelukkande positive til tiltaket og aktivitet i anlegget. Me ynskjer å starte ein dialog om å få til eit infrastrukturfond med innskot frå alle selde hyttetomter i og rundt Raulandsgrend, for å bygge opp ein liten buffer for større investeringar me veit vil koma i framtida.


Alpingruppa i Dyre Vaa gjeikk i dvale etter at Raulandsfjell vart lagd ned, men det er ynskje om å få i gang att aktivitet i bakkane.

I arbeidsgruppa har me med Norsk Folkehjelp Rauland Skredgruppe Gygra og me har sett på tiltak og rutiner for å betre informasjon, merking, og kompetanse hjå klubbmedlemmer og besøkjande.

Me ynskjer i utgangspunktet å vidareføre det gode samarbeidet med Skisenteret, og medlemskap i Telemark superski, men har så langt hatt fokus på å finne ein modell som vil trygge drifta i alpinsenteret så det kan stå på egne føter.



Figur 5: Det er mest berre i vinterferien at kort seld i andre anlegg har vore nytta i Raulandsfjell. Dette understrekar at me har ulike kundegrupper. Kjelde- Skidata



Figur 6: Sesongvariasjonar. Kjelde- seNorge.no

HJEM / FRIKØYRING SKI

Norges beste park åpner 1. november

1. november åpner Vierli parken med alle anlegg i Nesheim.

Vierli kan bli årets snowboardanlegg
...i kåra til årets snowboardanlegg av

HJEM / SKISTEDER / RAULAND

Bli med til et absolutt nedsnødd Rauland

Årets første Fimbul-episode er lagt til hjemtraktene til Søndre Loftsgarden.

Av Henning Reinton

Sist oppdatert: 28. februar 2018 kl 10:45

HJEM / SKISTEDER / RAULAND

Raulandsfjell gir deg noe av landets beste skogskjøring

Raulandsfjell Alpinsenter i Telemark byr på skogskjøring av nasjonal klasse, og er verdt turen neste gang du kjører E134.

Av Henning Reinton

Sist oppdatert: 17. desember 2020 kl

HJEM / SKISTEDER / RAULAND

Raulandsfjell har vinneroppskriften for god frikjøring

Raulandsfjell i Telemark seller opp på topp tre-listen for skogskjøring i Norge. Her skal du se hvorfor.

Av Christian Nordrum

Sist oppdatert: 26. mars 2021 kl 12:09



MARKNAD

I entusiastmiljøa har Raulandsfjell vore rekna som eitt av dei beste frikøyringsanlegga på Austlandet. Det er eitt av få anlegg med open skog i gjennomgåande bratt og ondulert terreng – forhold som gjev unike moglegheiter for frikøyring.

Vinje kommune har årleg over 700 000 gjestedøgn knytt til fritidsbustader og rundt 125 000 kommersielle overnattingar. I Rauland aleine er det over 110 000 skidagar i løpet av ein sesong. Det er med andre ord mykje skiglade folk som finn vegen til bygda.

Hovudmålgruppa


Me ønskjer at Raulandsfjell skal vere det fyrste anlegget entusiastar sjekkar snøforholda i når det blir meldt snø på Austlandet. Ved å kultivere skogskøyninga og lyfte fram det unike terrenget, kan me skape sterkare eksponering inn mot entusiastmiljøa og mot rollemodellar i skisporten. Målet er å byggje eit aktivt, inkluderande og levande miljø rundt anlegget.

Aktivitet og meistring byggjer identitet og stoltheit. Raulandsfjell skal styrkje tilknytninga til heimstaden for dei lokale – og samstundes vere eit tilbod som folk utanfrå ynskjer å oppleve.

Etter fleire år med stengt anlegg veit me at mange saknar Raulandsfjell. Seinast i oktober skreiv bladet *Friflyt* på leiarplass at anlegget er sårt sakna. Me har stor tru på at mange vil kome tilbake

allereie den første sesongen me opnar igjen. Difor er det avgjerande at me tilbyr noko nytt og spennande, slik at me kan utnytte det naturlege momentet og engasjementet som oppstår i starten.

Terrengparken på Vierli hadde over 300 000 passeringar i sesongen og vart fleire gonger kåra til Noregs beste. Dette gav Rauland stor eksponering i ungdomsmiljøa og styrkte bygda si attraktivitet. Tapet av både Vierli og Raulandsfjell har vore merkbar – og Rauland som merkevare i entusiastmiljøa har falma kraftig.



Figur 7. Den generelle utviklinga innan alpinbransjen er positiv med ein stadig større auke i utanlandske gjester. (kjelde: Norske alpinanlegg og fjelldestinasjoner)

Konkurranse

Me ser ikkje på Raulandsfjell som ein konkurrent til Skisenteret – eller motsett. Dei to anlegga har svært ulike eigenskapar og tilbyr ulike opplevingar for ulike brukargrupper. Raulandsfjell gir 100 ekstra høgdemeter og ekstra heisar å marknadsføre.

Difor meiner me at Raulandsfjell er eit godt supplement som styrkjer Rauland som heilskapleg alpindestinasjon. Me tar ikkje ein bit av kaka – me gjer kaka større og utvalet betre.

Netflix-sjef Reed Hastings sa ein gong at deira største konkurrent ikkje var andre strøymetjenester, men folks søvnbehov. På liknande vis er skjermen den største konkurrenten til alle aktivitetstilbod i dagens samfunn.

Majoriteten av hytteeigarane er familiar som ynskjer at borna skal oppleve gleda ved leik på ski og i snøen. Når desse borna blir ungdom, er det avgjerande å tilby aktivitetar og bakkar som gjer at dei masar på foreldra om å reise til hytta – framfor å bli heime. Utan tilbod som utfordrar risikerer ein at ungdommen fell frå, og foreldra reiser åleine til fjells – eller reiser langt sjeldnare.



«Naar Snjo vardt djup i Dal og Lid, daa sat han litet inne, men rende kring paa gode Skid i Skog og Fjell og Finne.»

FRÅ STOREGUT- A.O.VINJE

DAGENS ANLEGG

I mai gjennomførte me ein teknisk inspeksjon gjennom svenske KIWA av heisane for å få oversikt over tilstanden og for å kartleggje kostnadsbiletet knytt til å bringe dei opp på påkravd tryggleiksnivå.

Heisane i Raulandsfjell har eit betydeleg etterslep på vedlikehald og vil bli pålagde fleire større oppgraderingar for å møte dagens krav. 5 master må bytast- 4 på grunn av frostskeidar, og heile det elektriske anlegget må fornyast. I tillegg krev regelverket ei rekkje dokumenterte inspeksjonar av alle kritiske sveisar og fundament før ny driftsløyve kan gjevast. Kostnadsbiletet vil ikkje bli tydeleg før ein har investert mykje i anlegget.

Heisprodusenten gjekk konkurs på 1990-talet. Det er framleis mogleg å skaffe delar, men dei er fire til fem gonger dyrare enn vanlege komponentar, har lang leveringstid og må forskotsbetalast. Totalkostnaden for å få heisane godkjende vil truleg overstige 10 millionar kroner.

Vinkelutføringa av heisen medfører at ein i praksis har vedlikehaldskostnadane til to heisar. Vinkelen gjev både meir krevjande og merkbart dyrare vedlikehaldsarbeid enn rette heisar. Sjølv med dei nødvendige investeringane vil heisen framleis vere ein gammal konstruksjon med høge drifts- og vedlikehaldskostnader og krav om hyppige periodiske kontrollar.



Figur 8: Typisk frostskeide som ein finn i 4 av mastene. Flatene skulle ligge tett på kvarandre, men både mast og traversbjelke er sterkt deformerte.

Snoproduksjonsanlegg

Store variasjonar i snømengde frå år til år er ei av dei største utfordringane i alpinbransjen – inntektene svingar i takt med snotilgangen. Raulandsfjell har eit eldre og utdatert snokanonanlegg. Det kan vere mogleg å nytte eksisterande røyr frå pumpehuset ved Totak i kombinasjon med eit moderne system.

Løypene er godt planerte og krev relativt lite sno for å kunne preparerast, men sidan anlegget ligg i solsida blir framskotne kular raskt nedslitne og bare. Dagens snoproduksjonsutstyr er effektivt og langt på veg automatisert, og har låge driftskostnader – med

unntak av straumforbruket. Investeringskostnadene er derimot høge: eit anlegg som dekker hovudløypene vil truleg koste rundt 20 millionar kroner.

Det ville vere fornuftig å legge ned infrastruktur for snoproduksjon samstundes som ein grev for nytt ljosanlegg, men kostnadene er store og støtta frå tippemidlar for avgrensa til at dette er realistisk no.

Me meiner det er meir berekraftig å satse på eit anlegg som kan nyttast til fleire aktivitetar – til dømes sykling – dersom snoen let vente på seg enkelte år.

Restaurant og resepsjon

Restauranten er ein svært viktig del av heilskapen i anlegget. Han er det sosiale hjartet – eit samlingspunkt der gjestene får varme, energi og kan dele opplevingar. Det er òg ein naturleg venteplass for foreldre og ein stad for peiskos på kveldstid.

Restauranten har ikkje livsgrunnlag utan skibakken i drift om vinteren, men har hatt greitt besøk i sommarhalvåret, særleg i fellesferien. Her ligg eit stort potensial for å styrkje drifta gjennom å skape meir aktivitet. Framleige av leilegheiter og bobilparkering har òg vore viktige næringskjelder.

Lokala ber preg av å vere noko utdaterte og upraktiske, men kan nyttast. Nokre oppgraderingar bør gjerast.

Garasje/ verkstad/ lager

Dagens garasje ligg i kjellaren under varместova og blir brukt til parkering av trakkemaskina. På 1980-talet var maskinene rundt 3,5 meter breie, men dagens maskiner er om lag 5 meter og har i praksis vakse ut av garasjen. Vinje Maskin, som leiger garasjen, måtte skifte porten for å få maskina inn, og skjæret må lyftast heilt opp for å få ho langt nok inn til at porten kan lukkast. Det er ikkje plass til anna utstyr, og det er vanskeleg å bevege seg rundt.

I tillegg er støy og ljøs frå preppemaskina tidleg om morgonen ei ulempe for dei som disponerer leilegheitene utanfor.


Garasjen vart i 2012 omregulert til leilegheit, men dette er heldigvis ikkje realisert. Det er heilt naudsynt med ein garasje som kan huse trakkemaskin, skuter, ATV og eventuelle snøkanonar. Ein treng òg frostfri lagring for vasslanger og anna utstyr – samt ein verkstad for vedlikehald og reparasjonar. Dette er mangelfullt i dag.

Varmestoga og skiutleige

Den gamle varместoga over garasjen blir marknadsført som «konferanserom» i salgsprospektet. Arealet på om lag 80 m² vart i 2012 omregulert til to leilegheiter, men dette har aldri blitt gjennomført. Potensialet i rommet er i praksis ubrukt, samstundes som felleskostnadene belastar drifta.

Publikumstoalletta ligg mellom varместoga og restauranten, men oppfyller ikkje krava til universell utforming.

Den tidlegare skiutleiga har dei siste åra vore brukt som afterski-lokale, men er no seld og fungerer som skuterutleige. Dersom ein skal tilby skiutleige og skiservice vidare, må dette etablerast i nye og eigna lokale.



Figur 9: Areal me ynskjer regulert til idrettsformål i ny arealplan markert i lilla.

KOMMUNALE MÅL

Prosjektet høver godt med Vinje kommune si hovudmålsetjing for satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Me legg til rette for fysisk aktivitet for innbyggjarane ved å:

- Prioritere barn og unge som hovudmålgruppe
- Unngå unødvendige og dyre anlegg som ikkje er behovsprøvde
- Stimulere til aktivitet i kvardagen
- Ta omsyn til framtidige generasjonar ved å prioritere rehabilitering og vedlikehald framfor nybygg

Prosjektet støttar òg reiselivsstrategien til Vinje kommune ved å:

- Vidareutvikle alpintilbodet på Rauland gjennom produktutvikling og kvalitetsheving
- Styrke Rauland si marknadsposisjon og attraksjonskraft som alpindestinasjon
- Utvide grunnlaget for heilskaplege skiopplevingar

Arealplan

Me har sendt inn høyringssvar til kommunen sin nye arealplan fram mot 2035. I planen er det foreslått å redusere det regulerte arealet over dagens heisanlegg. Me meiner dette er uheldig, då reguleringa kunne ha gitt det beste grunnlaget for framtidig drift.

Samtidig har me forståing for at delar av arealet i felleseige går inn i villreinområde. Likevel ber me om at reguleringa vert oppretthaldt nedanfor eigedomsgrensa til felleseiget, og at det vert opna for utvikling på begge sider av dagens løypetrasear.

Me ønskjer eit visst handlingsrom for å kunne justere løyper og heistrasear ved behov. Dersom kommunen legg til grunn at alt må vere som i dag, vert det svært vanskeleg å finne gode og framtidsretta løysingar.

Utfallet av dette arbeidet vil vere retningsgevande for dei løysingane me kan jobbe vidare med i prosjektet.



Figur 10: Illustrasjoner frå Reiselivsstrategien til Vest-Telemark


Korleis lagar me eit spenstig og attraktivt bustadfelt på Mobø i Raulandsgrend?

Om Vinje kommune ynskjer å gjere det nye bustadfeltet på Mobø attraktivt så har me stor tru på at ein også må sjå på det større biletet, og gjera grendi attraktiv.

Her vil skibakkane og eit mogleg aktivitetssenter utgjera eit svært viktig bidrag til å promotere dette nye kommunale bustadfeltet, og stimulere bulyst - spesielt imot yngre. Om det kjem gang og sykkelveg slik at ungar og vaksne trygt og godt kan sykle burt i sykkelparken til dømes, så kan ein godt tenkje seg at fyrstegongsetablererane også vel å bli verande i grenda og ikkje bare ha det som eit fyrste trinn før dei flyt vidare.

Eit aktivitetsanlegg vil kunne bidra til at familiar buset seg ellers i grendi og slik sett og er med å bidreg til å gjera Mobø til ein attraktiv stad å bu for andre.

Kva som gjer ein stad god å bu på, er i stor grad samanfallande med kva som gjer ein stad god å besøkje.



DRIFTSMODELL

Historiske inntekter frå sal av heiskort viser at omsetninga er tett knytt til snømengda. Variasjonane har vore så store som ± 30 prosent frå gjennomsnittet. For å jamne ut konjunkturane og redusere risikoen i svake sesongar ønskjer me å innføre bindingstid på abonnement i ei medlemskapsordning.

Dette er ein etablert modell som fleire anlegg nyttar, mellom anna Skimore-anlegga (Kongsberg, Drammen, Tryvann m.fl.) og Vassfjellet ved Trondheim. Også golfklubbar brukar same prinsipp med stor suksess. For å gjere ordninga attraktiv må ein både styrkje tilbodet i vintersesongen og skape aktivitet i barmarkssesongen. Fordelane ved ein abonnementsmodell er:

- Forutsigbare inntekter som dekkjer faste kostnader
- Redusert risiko i dårlege vintrar, og tidshorisont til å rekruttere nye medlemmar ved fråfall
- Avgrensa tal på medlemskap for å bevare attraktivitet og unngå utvatning av inntektene

Bemanning

- Dynamisk bemanningsmodell som toler variable sesongar, men tar utgangspunkt i 4-6 mnd drift.
- Driftsleiar i 80 % stilling.
- Totalt lønnsbudsjet: ca. 2 årsverk (ekskl. preparering, som baserast på innleige).

Alternativ

Me har sett på ulike alternative vegar vidare når det gjeld heisane, og me har forsøkt å sjå på fordelane og ulempene, samt kostnadene.

Dei andre alternativa me har sett inn på, men har valt å ikkje jobbe vidare med har vore:

- Ny vinkelheis- totalkost 43,6mill/ kommunalt tilskot 24,1mill Trygg og kjend løysing, men den klart dyraste.
- Nye rette heisar i eksisterande trase- gjev dobbel lønnskost for eit dårlegare tilbod enn i dag, og eit begrensa kveldstilbod.

Alternativ 0- Sanering

Det er konsekvensen av å ikkje gå vidare med nokon av dei andre alternativa sidan det er lovpålagt å fjerne heisane. Tilbakeføring av området og opprydding. Ein må fjerne master og betongfundament, ljosanlegg, snoproduksjonsanlegg, gjerder osv.

Me estimerer minimum 1 500 000,- for arbeidet, men har ikkje gått dette i saumane. Ingen ynskjer dette alternativet, og det vil ha stor negativ påverknad for grend og mange næringsdrivande i området.

Om dette alternativet blir utfallet, må kommunen vurdere å ta eit solidarisk ansvar og gje stønad til riving og opprydding.

Alternativ I - Renovering

Dette alternativet er å oppgradere dei eksisterande heisane og etablere nytt ljosanlegg for heile hovudløypa, samt rundt Skretveitsvingen.

Alle punkter i KIWA rapport vert utbetra, mast som knakk i 2008 erstattast, samt overhaling av medbringere og elektrisk anlegg. Dokumentasjon på akseptabelt sikkerhetsnivå framskaffast. Veslegut renoverast.

Fordeler:

- På kort sikt det rimelegaste alternativet.
- Lite anleggsdrift og naturinngrep.
- Kjend løysing.
- Krevst kun ein heisoperatør.
- Nytt energieffektivt ljosanlegg og betre kveldstilbod.

Ulemper:

- Heisen har passert forventa levetid.
- Stor usikkerheit rundt kostnadsbilete på kva som vil krevjast for å få driftsløyve. Kjem fyrst etter at ingeniørane har gjort fyste del av jobben, og fleir tekniske undersøkingar.
- Dreg med seg høgare driftsutgifter på vedlikehald og spesielle periodiske inspeksjonar.
- Svært høge prisar på slitedelar.
- Vanskeleg å få godkjend for sykkelbruk
- Kan få krav om å endre frå krok til skålheis



Y-alternativet- Rette heisar

Y alternativet er basert på 2 rette heisar i ein Y-formasjon. Det vil krevje at ein opparbeider ny heistrase for hovudsheisen, men ved å legge ned infrastruktur til ljøs og evtnt framtidig snoproduksjon så får ein gode synergier på arbeidet.

Den foreslåtte nye heistrasen er ein av få moglegheiter ein har for å ligge innanfor krav til stigningsgrad og behalde det gamle heishuset. Den minimerer og behov for løyper som kryssar heistrase. Løysinga opnar opp eit nytt område som gjer at ein vil ha utviklingsmoglegheiter for framtida. Ein kan legge ein 10 årig utviklingsplan basert på ny heisstruktur. Ein utviklingsplan er viktig då alt iviskot skal reinvestrast i anlegget.

Fordeler:

- Løysinga vil gje eit fullgodt kveldstilbod med ein heis. Større tilbod i helger og ferier ved bruk av to heiser.
- Stor nyhetsverdi med både nye heisar, areal og ljosanlegg.
- Nyare rette heisar vil få ned vedlikehaldskostnadene.
- Det finnast ein bruktmeknad for rette heisar.
- Rette heisar åpnar opp for eit sykkeltilbod i lang større grad.
- Vil mogleggjere framtidig etablering av slakare trase, som og kan minimere skiløyping gjennom Tveiti gardane (gul løype)
- Dobbelt tippemiddeltilskudd på to heiser og for ekstra trase.
- Skålheis i gammal trase vil tåle større vindpåverking.
- Forventa uke i omsetning.



Figur 11: Svart og raud trase er i all hovudsak eksisterande etablerte løyper. Raud løype og svart trase nær heis vil bli med kveldsljøs. Gule løyper er framtidige moglegheitar for sykkel, alpinbakker, eller helst ein kombinasjon. Blått område er for sykkel og ski



Ulemper:

- Y- alternativet vil medføre rivingskostnader av det gamle anlegget, men i og med at ein likevel har maskiner og helikopter for å etablere nye heisar, vil kostnadene ved å rive vera moderate.
- Etablering av nye stykke med trase medfører større gravearbeid.
- Ny Storegut vil truleg framleis ha noko vindeksponering.
- Krev meir prosjektering, og avklaringar, men kan etablerast trinnvis.
- Brukte heiser som passar i Raulandsfjell kan ta tid å skaffe og kan ha ulik kostnad. Prisar i budsjett er basert på heisar som er i marknaden nå.

ØKONOMI

Me har sett opp fyljande to finansieringsmodellar for oppgradering av skiheisane, løyper og ljosanlegg.

Kostnadsoverslaga er utarbeida delvis gjennom innhenting av konkrete tilbod og delvis gjennom estimat.

Eigenfinansiering er i hovudsak tenkt gjennom salg av andeler/ forskotering av medlemsavgifter og midlar frå stiftingar/ private donorar.



Kategori	Post	Alternativ I	Alternativ Y
KOSTNADER	Overtagelse heis/cafe		
	Regulering / konsulentar / admin	400 000	500 000
	Veslegut rehabilitering	1 750 000	1 750 000
	Storegut rehabilitering	8 725 000	–
	Ny rett Storegut inkl. montering	–	9 850 000
	Ny Y-heis m/ heishus	–	5 500 000
	Kroker / klemmer / bokser	400 000	–
	Sertifisering – Veslegut	300 000	300 000
	Sertifisering – Storegut	700 000	–
	Fjerne gamle master	–	300 000
	Graving nye master	–	500 000
	Elektro Storegut	900 000	–
	Nye trasear heis / løype	–	3 000 000
	NDT resterande master	50 000	–
	Flaumljøs inkl. master	2 500 000	2 500 000
	Ny trafo ljøs	1 200 000	–
	Ny trafo ljøs og heis	–	700 000
	Graving ljøs	2 500 000	2 500 000
	SUM KOSTNADER	19 425 001	27 400 001
ANNET	Uforutsett 10 %	1 942 500	2 740 000
UTSTYR	Snøskuter – elektrisk	260 000	260 000
	6-hjuling	150 000	150 000
	Div. verktøy / utstyr	100 000	100 000
	Skiservice	90 000	90 000
	Oppussing restaurant	300 000	300 000
	SUM UTSTYR	900 000	900 000

Kategori	Post	Alternativ I	Alternativ Y
KOSTNAD inkl. mva		22 267 501	31 040 001
FINANSIERING	MVA-kompensasjon (100 %)	5 341 875	7 535 000
SPILLEMIDLER	Rehabilitering Storegut	1 250 000	–
	Veslegut	1 250 000	1 250 000
	Ljos × 3	2 100 000	2 100 000
	Administrasjonstilskot 5 %	1 050 000	1 500 000
	Ny Storegut	–	1 250 000
	Toppheis	–	1 250 000
	Trase	–	1 250 000
	SUM SPILLEMIDLER	5 650 000	8 600 000
GÅVEBIDRAG	Sparebankstiftinga	1 000 000	1 000 000
DUGNAD	Rydding	500 000	–
	Rydding, hogst, heisbu, såing etc.	–	2 000 000
KLUBBFINANS	Andel / medlemskap	1 500 000	2 100 000
KOMMUNALT TILSKOT		8 275 626	9 805 001

Fleirbruksanlegg

Me har ikkje inkludert bygging av eit mogleg fleirbruksbygg i våre investeringsbudsjett. Men om ein reiknar ein hall til rundt 20 millioner samt sykkelløyper til 5 millioner vil det gje fyljande finansieringsbehov.

Skateklubben har allereie fått ein million av Sparebankstiftelsen, og me vonar det vil gå an å få ytterlegare to millionar frå liknande stiftelsar for denne type fellesanlegg med så stort demografisk nedslagsfelt. Merk at desse tala kun er estimert for å illustrere kostnadsbiletet av .

FINANSIERINGSGRUPPE	Beløp
Total kostnad inkl. mva	25 000 000
MVA-refusjon (100 %)	6 250 000
Spelemidler	8 650 000
– Skjotebane	2 200 000
– Skatehall 400 m ²	2 900 000
– Garasje / lager	900 000
– Sanitær / universal utforming/ fellesareal	300 000
– Sykkelanlegg (estimert 3 km)	1 050 000
– Administrasjonstilskot 5 %	1 300 000
Dugnad	1 000 000
Eigenfinansiering	3 000 000
Kommunalt tilskot	6 100 000

DRIFTSBUDSJETT

Driftsbudsjettet er i stor grad basert på historiske kostnader. Dersom ein tek gjennomsnittssalet av heiskort frå 2014 til 2022 (kjelde: Skidata) og justerer dette til dagens prisnivå, ser ein at eit normalår vil gje ei omsetning på om lag 1,6 millionar kroner. I eit dårleg snoår vil kortinntektene liggje rundt 1,15 millionar, medan eit toppår kan gje opp mot 2,1 millionar. Desse svingingane går naturleg nok òg igjen i drifta av kaféen frå år til år.

Me har ikkje historiske data fordelte på ungdom/vaksne, og prisnivået i budsjettet er difor basert på ei demografisk vurdering med følgjande fordeling: 20 % barn, 25 % ungdom, 50 % vaksne og 5 % senior. Dette gjev ei prisvekting på 55/45.

Snittprisane på heiskort i vårt budsjett ligg noko under prisane i Skisenteret.

Historisk kortsal	Antall	Snittpris	Inntekt
Klippekort	418	450	188 100
Timeskort	363	350	127 050
Dagskort	1 980	450	891 000
Kveldskort	91	250	22 750
SUM UTAN sesongkort			1 228 900
Sesongkort	184	2 000	368 000
TOTALT MED sesongkort			1 596 900

I budsjettet for alternativ I har me satt inn ei auke i kortsalg på ca 15% på grunn av nytt ljosanlegg til toppen og me har flytt noko av det forventa kortsalget over til medlemskap.

Alternativ Y har ytterlegare 15% forventa inntektsauke.

Budsjettet har ikkje medrekna fleirbruksanlegg.

Fyljande budsjettforslag har og eit premiss om at me får redusert felleskostnader i sameige og festekontrakter.

Kategori	Post	Alt. I	Alt. Y
Faste utgifter heis	Festekontrakt – Skretveit	30 000	30 000
	Festekontrakt – Allstad (prestegard)	30 000	30 000
	Festekontrakt – Tveiti	–	30 000
	Nettleige pumpehus	15 000	15 000
	Nettleige skiheis	15 000	15 000
	Alpinanleggenes landsforening avgift	30 000	30 000
	Årsgebyr Jernbanetilsynet	21 000	21 000
	Skidata lisens/support	25 000	25 000
Faste utgifter restaurant	Husleige Sameige Raulandsfjell	50 000	50 000
	Nettleie næringsdel	15 000	15 000
	Kommunale avgifter	25 000	25 000
	Årskontroll brann	20 000	20 000
	Utstyr – leie/service	50 000	50 000
	Betalingsløyisingar	20 000	20 000
	Linde gass – årsavtale	5 000	5 000
	Rentokil – skadedyr	10 000	10 000
	Sjenkeløyve / tobakksløyve	10 000	10 000


Kategori	Post	Alt. I	Alt. Y
Faste utgifter felles	Rekneskap	30 000	30 000
	Revisorteam	50 000	50 000
	Forsikringar	85 000	85 000
	Nettsider	15 000	15 000
	Marknadsføring	50 000	50 000
Sum faste utgifter		601 000	631 000
Variable heis	Straumkostnader heis	96 000	126 000
	Preparering	420 000	540 000
	Lønn – driftsleiar (8 mnd)	643 200	643 200
	Lønn – ansatt 1 (6 mnd)	336 684	336 684
	Lønn – ansatt 2 (1 mnd)	–	45 750
	Vedlikehald heisar	120 000	120 000
	Vedlikehald bygg	15 000	15 000
	Skuter / ATV	30 000	30 000
	Data / billett / bank	45 000	45 000
	Arbeidstøy	15 000	15 000
	Kurs	10 000	10 000
	Drivstoff	20 000	20 000
	Uforutsett	100 000	100 000
Sum heisdrift		1 850 884	2 046 634
Variable restaurant	Lønn – Kjøkkensjef (6 mnd)	432 900	432 900
	Lønn – Kjøkken ass. 1 (3 mnd)	163 842	163 842
	Lønn – Kjøkken ass. 2 (2 mnd)	70 000	70 000
	Straumkostnader cafe	120 000	120 000
	Arbeidstøy	8 000	8 000
	Forbruk	50 000	50 000

Kategori	Post	Alt. I	Alt. Y
	Uforutsett	50 000	50 000
	Varekostnader (30 %)	630 000	724 500
Sum restaurant		1 524 742	1 619 242
Sum årlige utgifter	Faste + variable	3 976 626	4 296 876
Inntekter	Salg reklameplass	20 000	20 000
	Medlemskap	750 000	862 500
	Heiskort	1 100 000	1 265 000
	Skiutleie & skiservice	40 000	46 000
	Utleie garasje	72 000	72 000
	Restaurant	2 100 000	2 415 000
	Kommunalt tilskot idrettslag	250 000	250 000
Sum inntekter		4 332 000	4 930 500
Resultat	Driftsresultat	355 374	633 624
Resultatmargin		8,2 %	12,0 %

Budsjettet er basert på normal sesongdrift og kafédrift i ca. 6 månader, men det er rom for lengre sesong og fleire opningsdagar ved meir aktivitet. Det ligg òg eit potensial i framleige av leilegheiter og hytter – ein aktivitet som historisk har gitt høg omsetning, men som krev ein annan driftsmodell og difor ikkje er inkludert her.

Tabell 1: Likviditetsbudsjett

Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun
160000	420000	420000	170000	90000	10000
Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
-70000	-150000	-230000	34000	500000	190000



Figur 13: God vinter: +30 % heis, +20 % restaurant, variable kostn. +15%
Dårlig vinter: -30 % heis, -20 % restaurant, variable kostn. -10 %

«I ei tid der ein no ynskjer lågare tempo i hytteutviklinga, er ein heilt avhengig av anna finansiering av både fellesgode, produktutvikling (vinter og sommar) og større løft på destinasjonen. Me ønskjer å prioritere tilrettelegging slik at både eigarar av fritidsbustader og gjester i dei kommersielle overnattingsanlegga sjølve kan skape gode opplevingar for seg og familien sin, og slik at innbyggjarane i bygda og i kommunen får eit betre tilbod. Reiselivet skal bidra til å gjere Rauland til ein attraktiv stad å bu og arbeide.»

-Reiselivstrategi for Vinje

ORGANISASJONSFORM

Det må opprettast eit AS som er eigd av Uvyrslåmi. Idrettslaget vil i praksis berre ha ei passiv rolle i driftsselskapet, men det må vedtektsfestast at ein ikkje skal kunne ta utbytte.

Altså er ikkje selskapets formål å skaffe aksjonærar økonomisk utbytte, men å arbeide for å vidareutvikle tilbodet i anlegget og betre bygdas næringsgrunnlag.

Om ein vel å gå vidare med planer om eit større aktivitetssenter vil det truleg vera fornuftig at kommunen overtar eigarskapet på bygnadsmasser og leiger ut til dei ulike laga som delar på aktivitetane.

Festekontrakter

Festekontraktene gjekk ut i 2025. Det er eit krav for å få spillemidler at ein har 30 års kontrakter på festegrunn.

Festeavgifter må i denne prosessen reforhandlast.

Me har hatt dialog med Alstad som har vist vilje til å sjå på dette ved behov.

Sidan siste eigerar står solidarisk ansvarlege for fjerning av heisanlegga om prosjektet ikkje lykkast så er det vanskeleg å tenkje at eit idrettslag skal kunne finansiere riving. Derfor er det viktig at kommunen stiller garantier for dette slik at ikkje dette ligg på styremedlemmer i idrettslag/ driftsselskap.

OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Raulandsfjell Alpinsenter står ved eit vegskilje.

I 2026 har anlegget 40års jubileum, og ein må ta eit aktivt val om å legge Storegut på røysi, eller me kan skape liv slik at anlegget på ny bli eit samlingspunkt og senter for aktivitet i Raulandsgrend.

Utvikling av Uvyrslåmi i Raulandsfjell er eit tiltak for folkehelse, ungdomsengasjement og lokal verdiskaping.

Ein må ikkje undervurdere betydinga av leikarvollane.

Raulandsfjell har eit stort potensiale, og ved å ta grep nemnd i denne rapporten meiner me at anlegget kan rustast for mange nye år med aktivitet og glede, og at risikoen har vorten minimera til eit handterbart nivå sjølv i snofattige år.

Grep ein bør ta:

- Oppgradering heisar
- Ljos til toppen
- Fleirbruksanlegg
- Medlemskapsmodell m/binding
- Reduserte festeavgifter
- Reduserte felleskostnader i sameige

Arbeidsgruppa tilrår at Vinje kommunestyre vedtek å:

1. Støtte vidareføring av prosjektet og prioritere Raulandsfjell som kommunalt utviklingsprosjekt.
2. Inngå intensjonsavtale med Uvyrslåmi Snobrettlag om eigarskap og drift, og stille garanti for rivingskostnader.
3. Løyve resursar til detaljprosjektering og spelemiddelsøknad for alternativ Y eller alternativ I.
4. Vurdere aktivitetssenter for skjoting, sykkel, rullebrett og alpint i Raulandsfjell opp mot andre alternativ.

VEDLEGG

KIWA Rapport Storegut

KIWA Rapport Veslegut

**- IKKE ALENE LEGEMET,
MEN OGSÅ SJELEN**

«Kan det tenkes noe friere og mer spennende, enn når man hurtig som fuglen stryker ut over de skogklædte lier, mens vinterluft og grankvister suser en om kinnene, og øinene, hjerne og muskler er spente, ferdige til å unngå hver ukjent hindring, som neste øieblikk kastes i ens vei? Er det ikke likesom hele kulturlivet med en gang skylles ut av sinnet og ligger igjen med byluften der langt bak — , man gror sammen med sine ski og naturen.

Det er noe som utvikler ikke alene legemet, men også sjelen, det har dypere betydning for et folk enn de fleste aner, dette. Gid dette måtte holdes i hevd, og gid skiløpingen måtte utvikles og trives så lenge det finnes menn og kvinner i norske daler.»
(Fridtjof Nansen, 1890)